

Hordaland Mållag  
Kong Oscars gate 15  
5017 Bergen  
[hordaland@maallag.no](mailto:hordaland@maallag.no)

Til kommunane i Hordaland

Bergen, 2. mars 2017

## Skriv staten på nynorsk til dei nynorske kommunane i Hordaland?

I dette brevet tek Hordaland Mållag opp ei sak som gjeld Hordaland fylkeskommune og nesten alle kommunane i Hordaland fylke: Fylkeskommunen og dei aller fleste kommunane i Hordaland har kravt nynorsk frå staten i offentleg målbruk (Unnataket er dei språknøytrale kommunane Askøy, Bergen og Odda.).

Det er *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova) som fastset reglane for den offentlege målbruken frå staten til kommunane. Me siterer frå mållova § 6: «Statsorgan skal nytte den vedtekne målforma i skriv til kommunar og fylkeskommunar som har gjort vedtak om målform etter § 5.» Det er elles §§ 5, 6 og 7 som regulerer den statlege målbruken i korrespondansen med kommunane.

Me i Hordaland Mållag ynskjer oss gjerne eit skriftleg svar frå fylkeskommunen/kommunen dykkar om korleis og kor mykje *statstenesta* nyttar nynorsk i den offentlege målbruken med dei fylkeskommunale/kommunale einingane dykkar. Me møter gjerne kommunen om det same emnet, eventuelt til eit møte mellom det lokale mållaget og kommunen. Difor sender me dette brevet i kopi til lokallaga våre i Hordaland. Me sender det òg i kopi til Språkrådet; statsorganet som fører tilsyn med korleis statsorgana oppfyller føresegnene i mållova.

Kravet frå kommunane om nynorsk løyser ut retten til nynorsk målbruk i alle statlege brev og andre dokument som gjeld den einskilde kommunen, eventuelt (grupper av) kommunane i Hordaland under eitt. For å seia det med andre ord: Det kommunale kravet om nynorsk løyser ut den statlege plikta som alle statsorgan har til å skriva slike brev og dokument til nynorske kommunar på nynorsk.

Dette inneber at organ som NAV, Fylkesmannen i Hordaland, alle politieiningar og Kommunaldepartementet skal skriva all tekst som til dømes gjeld Stord kommune, eller både Voss og Vaksdal kommunar, på nynorsk. Spørsmålet vårt er dimed dette: Korleis oppfyller staten dette kravet om nynorsk eller denne retten til nynorsk i den offentlege statlege målbruken med kommunane i Hordaland?

Venleg helsing  
Erlend Bakke,  
ansvarleg for mållovssaker i Hordaland Mållag

Kopi: Alle lokallag i Hordaland Mållag, Noregs Mållag og Språkrådet

**Radøy kommune**

Radøyvegen 1690

5936 Manger

---